

PROTOKOLL**Representantskapet Region Nordhordland IKS**

Møte: 2-2021
Tid: Onsdag 1. desember 2021 kl. 09:30
Stad: Knarvik, Region Nordhordland Helsehus, kunnskapscenter, møterom Mongstad

Til stades:

Desse møtte frå Representantskapet: (100 %)	Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Region Nordhordland IKS:	Håkon Matre (styreleiar), Bent Gunnar Næss
Rådmenn:	Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)
Forfall:	Rune Heradstveit (dagleg leiar)

Sak 7/21	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 8/21	Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Samrøystes vedtak: Hallvard Oppedal og Hege Eide Vik vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 9/21	Godkjenning møteprotokoll 1-2021 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2021 vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/21	Godkjenning budsjett 2022 for Region Nordhordland IKS Styreleiar Håkon Matre la fram styret sitt forslag til budsjett for 2022. Styret godkjente budsjettet i styremøte 17. november 2021. Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Region Nordhordland IKS (RNI) til årsbudsjett for 2022. RNI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. RNI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.

	<p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Region Nordhordland IKS (RNI) til årsbudsjett for 2022. RNI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. RNI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</p>
Sak 11/21	<p>Val av styre til Region Nordhordland IKS for 2022-2023 Styret består av tre medlemmer og to varamedlemmer. Styret vert valde av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.</p> <p>Valnemnda la fram forslag til styre for Region Nordhordland IKS 2022-2023: Håkon Matre (styreleiar), Kari Utkilen (nestleiar), Aashild Halland (medlem), Leif Taule (1. varamedlem), Arnhild Kjellevoll (2. varamedlem).</p> <p>Valnemnda føreslår fylgjande satsar for styrehonorar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styreleiar: kr 30 000 ▪ Nestleiar og medlem: kr 15 000 ▪ Møtehonorar for vara: kr 2 500 pr. møte <p>Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet vedtar samrøystes innstillinga frå valnemnda og oppnemner for perioden 2022-2023 Håkon Matre til styreleiar i Region Nordhordland IKS, Kari Utkilen til nestleiar og Aashild Halland til medlem. Leif Taule vert valt som 1. varamedlem og Arnhild Kjellevoll som 2. varamedlem. ▪ Representantskapet set styrehonorar til kr. 30 000 for styreleiar, kr. 15 000 for nestleiar og medlem og kr. 2 500 som møtehonorar for varamedlemmer. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.
Sak 12/21	<p>Orientering frå Region Nordhordland IKS Styreleiar Håkon Matre orienterte kort frå selskapet.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til vitande.</p>

Knarvik, 1. desember 2021



Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Region Nordhordland IKS



Hallvard Oppedal
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland IKS



Hege Eide Vik
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland IKS